



Foto: Hunnålvatn Media

# PLAN FOR TURRUTER I ULVIK HERAD

2022 – 2025

*Vedteke i heradsstyret 27.04.22  
- sak 15/22*

## Temaplan Ulvik herad

Ulvik 24.01.2022

Mona H Hellesnes  
Prosjektleiar

# Plan for turruter i Ulvik herad 2021 – 2025

## Innhold

---

1. Bakgrunn .....	2
2. Føremålet med planen .....	2
3. Nasjonale og lokale føringar .....	3
4. Planarbeidet .....	4
Avgrensingar i planen .....	4
5. Ulike interesseområde i utmark .....	4
5.1 Landbruk .....	4
5.2 Friluftsliv og folkehelse .....	4
5.3 Tilrettelagde område for friluftsliv og friluftaktivitetar .....	4
5.4 Eksisterande turveggar og stiar, sommar .....	5
5.5 Kulturminne .....	5
5.6 Reiseliv .....	5
5.7 Moglege konfliktområde .....	5
6. Tiltaksplan .....	6
7. Vidare arbeid .....	7

## 1. Bakgrunn

---

Ulvik herad har store fjell- og utmarksområde, frå høgfjellet på Hardangervidda til inst i Ulvikfjorden og bygdesenteret der dei fleste innbyggjarane bur. Ein del av fjellområda er framleis utan større tekniske inngrep, sokalla «inngrepfrie naturområde». Ander område er prega av kraftutbygging, stølar, vegar og andre fysiske inngrep i naturen. Mange av ferdselsrutene som i dag er nytta til friluftsliv, er historiske ruter etablert i ei tid der vegane var stiar i naturen og dyra på gardane vart buført til fjells på sommarbeite. Anleggsvegen frå grenda Osa opp til fjellområda i Osafjellet, om lag 1150 moh, er mykje nytta i samband med friluftsliv i høgfjellet og er bomveg som heradet har ansvaret for. Vegen vert normalt brøyt opp til påske og stengt i oktober/november.

Ulvik turlag, Ulvik næringslag, Ulvik idrottslag, grunneigarar og andre, har i samarbeid heradet gjort mykje for å legge til rette for friluftsliv opp igjennom åra. Turstiar og -vegar er ein stor og viktig del av fritidstilbodet i Ulvik. Skilting og merking har og gjort tilbodet tilgjengeleg for dei mange turistane som kjem til bygda kvart år, og turløypene har blitt eit viktig tilbod for reiselivsverksemdene.

Plan for turruter vil vere eit naudsynt verktøy for prioritering og utvikling av gode turruter for både innbyggjarar og turistar.

## 2. Føremålet med planen

---

Føremålet med plan for turruter i Ulvik er:

- Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse hos innbyggjarane i heradet
- Auka attraktivitet som reisemål
- Auka attraktivitet som bukommune
- Meir tilgjengelege turruter med ulik tilretteleggingsgrad heile året
- Færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen
- Betre koordinering mellom aktørar som driv med turruter

Det er og eit mål at flest mogleg av turrutene skal vere merka frå sentrum.

Folkehelsebarometeret 2021 for Ulvik, som Folkehelseinstituttet (FHI) utarbeidar for alle kommunar kvart år, viser at 72% av 9-åringane oppfyller anbefalingane om fysisk aktivitet kvar dag. 15% av aldersgruppa manglar berre 10 minutt for å oppfylle tilrådingane. For dei vaksne mellom 20 og 85 år er det berre 32% som oppfyller dei nasjonale anbefalingane. 19% ville oppfylt anbefalingane med 10 minutt meir aktivitet. Då er det likevel 49% i denne aldersgruppa som ikkje oppfyller krava.

FHI peikar på at kommunane kan legge til rette for gå og aktivitetsvennlege nærmiljø ved å:

- Gjere det trygt og enkelt å gå eller sykle til og frå arbeid, skule, aktivitetar og andre gjeremål.
- Gjere grøntområde tilgjengelege og attraktive, for eksempel ved å rydje og merke stiar, kome med turforslag og syte for god lyssetjing. Nærleik til grøntområde aukar sjansen for at barn er tilstrekkeleg fysisk aktive.
- Legge opp til eit inkluderande aktivitetstilbod der alle kan delta uavhengig av ressursar, tilknytning til arbeidslivet, funksjonsnivå og kultur. Nokre kommunar har gode erfaringar med tiltak som utlån av utstyr, opne hallar og fritidskort

Plan for turruter tar opp i seg tiltaka FHI peikar på, både i føremål og i tiltaksplanen.

### 3. Nasjonale og lokale føringar

Stortingsmelding 18 (2015-16) «Friluftsliv- Natur som kilde til helse og livskvalitet» legg vekt på å ivareta og tilrettelegga for eit aktivt friluftsliv. Som ei oppfølging til stortingsmeldinga laga Miljødirektoratet i 2019 ein rettleiar; «Plan for friluftlivets ferdselårer», som omhandlar korleis kommunar bør legge til rette for eit aktivt friluftsliv. Plan for turruter i Ulvik er utarbeidd i tråd med føringane i denne rettleiaren.

Eit av dei overordna måla i kommuneplanen sin samfunnsdel er:

*«Ulvik herad skal motivera til og leggja til rette for allsidig fysisk aktivitet. Dei skal arbeida målretta for god og likeverdig helse i befolkninga. Prinsippet om tilgjenge for alle i planlegging og tenesteyting, er viktig.»*

I Strategisk nærings- og utviklingsplan sin handlingsplan tiltak 16, er styrdding og merking av turruter eit prioritert tiltak. Målet er å gjera Ulvik til ei av dei fremste reisemåla for fotturistar. Det er sett av årelege midlar til dette på heradet sitt budsjett.

Ulvik herad har forankra arbeidet med folkehelse i «Tiltaksplan folkehelse og veggen vidare». Eit av tiltaka i folkehelseoversikta til Ulvik er å stimulera til uformelle møteplassar der folk kan vera fysisk aktive. Turruter med utgangspunkt i sentrum, som er tilgjengelege for mange, er eit viktig folkehelseiltak.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for perioden 2020 – 2030 vart vedtatt 3. november 2021. Planen skal bidra til handtering av kommunale utfordringar som folkehelse, auka sosiale skilnader, heilskap og samhandling. Hovudmålet for planen er: *«Ulvik herad skal stimulere og legge til rette for at alle innbyggjarane har kunnskap om kor viktig fysisk aktivitet er, og høve til å utøve fysisk aktivitet ut frå egne interesser og føresetnader»*



Foto: M Hellesnes

## 4. Planarbeidet

---

Plan for turruter er utarbeida som ein temaplan. Planarbeidet er kunngjort med informasjon til lokale lag og organisasjonar, og informasjon på heradet sine heimesider.

Det vart oppretta ei referansegruppe med slik samansetning:

- Ulvik Idrettsråd v/Sjur Rondestveit
- Ulvik helselag v/Berit Aarekol
- Ulvik turlag v/Hilde Underdal
- Ulvik næringslag v/Anders Oppheim
- Cittaslowrådet v/Geir Netland
- Ulvik ungdomsråd v/Bjørk Thorbjørnsen

Ei intern prosjektgruppe har gjitt innspel til planarbeidet undervegs, og har vore samansett av kulturkonsulent, jordbruksjef og skogbrukssjef.

Nærings- og reiselivssjef har vore prosjektleiar.

Det er inngått ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) om bistand med metodikk og oppdatering og kvalitetssikring av nasjonal database for tur- og friluftsruter, og Håkon Tufteland har gjennomført dette arbeidet på vegne av BOF.

### Avgrensingar i planen

Planen er tematisk avgrensa til å gjelde fotturar på barkmark, og sykling.

Geografisk gjeld planen for Ulvik herad, med unntak av turruter merka frå Finse mot andre målpunkt enn Ulvik.

## 5. Ulike interesseområde i utmark

---

### 5.1 Landbruk

Ulvik herad har eit aktivt jord- og skogbruk. Utmarksarealet blir i stor grad nytta som beiteområde for småfe og storfe. Kvart år blir det drive skogbruk i utmark. Dei mange skogsvegane vert nytta aktivt til friluftsliv. Det er og ein del hjortejakt i deler av året. Sjølv om friluftsløva slår fast at det er fri ferdsle i utmark, er det viktig at all tilrettelegging i dei ulike områda skjer i samarbeid og forståing med dei aktuelle grunneigarane.

### 5.2 Friluftsliv og folkehelse

Friluftsliv er viktig for folkehelse. Tilrettelegging for det enkle friluftslivet er soleis ei god investering i det førebyggjande helsearbeidet. Særskilt viktig er tilrettelegging for lågterskeltilbod i nærmiljøa som eignar seg for mange, anten dei er unge eller eldre.

Gløgg 4H sin gapahuk på Tunheim, «Gløggstun», og den nyopna dagsturhytta «Solhaug» i Åsen er gode eksempel på tiltak som er eigna for aktivitetar for alle aldersgrupper. I slike område er det viktig å sikra god tilrettelegging. Ulvik helselag sin postkassetrim og Ulvik turlag sin stølstrim er to andre eksempel på lågterskeltiltak som fevnar mange turgåarar.

### 5.3 Tilrettelagde område for friluftsliv og friluftaktivitetar

Ulvik har fleire tilrettelagde område for ulike friluftaktivitetar, med Holmen idrottsanlegg inst i Ulvikpollen som det største. I tillegg til idrottsanlegget for fotball, friidrett og tennis med tilhøyrande garderobeanlegg, finn ein sandvolleyballbane, badeplass, grindbygg med benkar og bord der ein kan ete under tak, felles grillplass og toalettanlegg. Ulvik vassklubbb sitt klubbhus med brygge og garasje, og ei

ridebane ligg i same område. Andre tilrettelagde område er 3D bane for bogeskyting i Osa, og grindbygg i Nordalen med informasjon om Historisk vandrerrute.

Skuleplassen på Brakanes skule har fått ei ny aktivitetsløype/hinderløype sommaren 2021, og ballbingen er fornya. Ulvik Idrottslag har eit anlegg for vinteraktiviteter på Drevtjørn, med oppkøyrt skiløyper og hoppbakker, klubbhus og gapahuk. I denne planen vert kun turruter for gange og sykling omtala nærare.

#### 5.4 Eksisterande turvegar og stiar, sommar

Ulvik har dei siste 30 åra hatt ulike prosjekt knytt til kulturlandskap, turstiar og -vegar, med skilting og merking av desse. Saman med utbygging av skogsvegnettet og mange gamle ferdselsruter knytt til mellom anna støling, driftevegar for dyr på sommarbeite, og ferdsel til fots over fjella som transportveg, har det ført til svært mange ulike turruter. Bruken av dei ulike rutene varierar frå svært mykje brukt til tilgrodd og ikkje synleg sti. Kartgrunnlaget for turruter i Ulvik er difor svært utfordrande då mange av stiane som ikkje lengre blir brukt, er registrert på kart. Det manglar avtalar om vedlikehald av stiar, og manglande kontinuitet i arbeidet med skilting og merking.

I planarbeidet er det eit mål å avgrense tal turruter, men sikre at dei som er med i planen blir halde på ein god måte, og at kart og terreng stemmer.

#### 5.5 Kulturminne

I utmarka er det mange spor etter tidlegare ferdsle og aktivitet. Ulvik herad har relativt god oversikt over dei viktigaste kulturminna i heradet, og har utarbeidd ein eigen temaplan for kulturarv; kulturarvstrategi 2019 – 2029. Informasjon om kulturminne ved eller i nærleiken av turstiar vil kunne gje turopplevinga ein ekstra dimensjon, men må utformast og balanserast med omsyn til naturmiljø.

#### 5.6 Reiseliv

Reiseliv utgjer saman med landbruket hovuddelen av privat næringsliv i Ulvik herad. I 2019 hadde heradet over 80.000 registrerte kommersielle hotellovernattingar, med ein liten overvekt av utanlandske. Tilrettelagde naturopplevingar er ein viktig del av opplevingstilbodet for lokalt reiseliv, og vil bli endå viktigare framover. Naturbasert reiseliv har fått mykje meir merksemd etter koronapandemien starta i 2020, og utvalde turruter i vår region, som Trolltunga og Dronningstien, har hatt ein vekst på mange titals tusen på nokre få år.

Fotturar med og utan guide er mykje brukt, og er eit attraktivt tilbod i sommarhalvåret. Her er tilgjenge og merking frå sentrum viktig. Utvalde turløyper med informasjon på fleire språk vil og vere viktig for å styre trafikken og gjere ferdsel på eiga hand så trygg som mogleg.

#### 5.7 Moglege konfliktområde

Husdyr på beite kan bli uroa av ferdsle då beite og utøving av friluftsliv ofte skjer i dei same områda og følgjer dei same stiane. Ein må difor vise omsyn gjennom å ferdast aktsamt i område med beitedyr. Særleg viktig er det at bandtvangen for hund vert respektert. (Forskrift om hundehald i Ulvik herad, fastsett i Ulvik heradsstyre 26. 09.2018) Stor bruk av turløyper i utmark kan medføre skader på vegetasjon.

Merka turløyper kan vere eit godt tiltak for å styre trafikken vekk frå særleg sårbare område og område med stor fare for konflikt.

Tilfeldig parkering ved turutgangspunkt, langs veg og i beiteområde kan gje skade på bilar og vere til hinder for landbruksdrifta.

Ulvik har eit aktivt jaktmiljø med hjortejakt i perioden 15. august til og med 23. desember. Dei siste tre åra har jakttida vorte utvida til og å gjelde 1. – til og med 31. januar. I haustmånadane kan det oppstå konflikt mellom jakt og anna friluftsliv. Skilting av jakt bør vere eit tiltak i område med merka turløyper.



Foto: Hunnålvatn Media

## 6. Tiltaksplan

---

Tiltaksplanen viser kva turruter som bør prioriterast for opparbeiding og vedlikehald, og følgjer med i vedlegg 1. Her er ein heilt avhengig av eit godt samarbeid mellom heradet, frivillige lag og organisasjonar, og grunneigarar.

I val av prioriterte ruter har ein tatt utgangspunkt i dei som er mykje brukt i dag, og er tilgjengeleg for turistar og andre som ikkje er kjende i områda. Det har vore eit mål at turrutene startar i Ulvik sentrum, og at minst tre av rutene er tilgjengelege for rørslehemma og andre som ikkje kan ferdast på stiar i meir krevjande terreng. Det er og tatt med nokre ruter som er eigna for sykling. Desse går på opparbeidd veg og skogsveg.

Nokre av rutene er tatt med som suppleringsruter for å få eit meir samanhengande rutenett.

Oversikt over rutene med tiltak følgjer med i vedlegg 1. Oppdatert kartmateriale vil vere tilgjengeleg i kartdatabase som vert nytta for dei fleste turløypene, mellom anna norgeskart. no som Kartverket nyttar.

## 7. Vidare arbeid

---

Skal ein lukkast med eit godt nett av turløyper over tid, er det viktig at skilta og merka turruter blir halde vedlike. Det krev årleg tilsyn, og eit godt samarbeid mellom frivillige, grunneigarar og heradet. Det bør kvart år settjast av kommunale midlar til opparbeiding, drift og vedlikehold av løypenettet, i tråd med tiltaksplanen.

Turlag, helselag, grunneigarlag og mange andre gjer ein verdifull innsats ved både opparbeiding og vedlikehald av løypenettet i heradet. Det er viktig å ta vare på samarbeidet og utvikla dette vidare i planperioden.

Planen legg opp til to nye, merka ruter. Heradet har bidratt med registrering av gpx-spor som vert registrert i kartdatabasen, og med utarbeiding av skiltplan. Ulvik turlag vil stå for skilting og merking av rutene. Tiltaksplanen kan rullerast jamnleg, og nye turruter kan komme til etter kvart. Det vil likevel vere viktig å prioritere vedlikehald av dei ein har framfor utvidingar.



Foto: M Hellesnes



# Vedlegg

## Vedlegg 1

### Oversikt over turruter i planen

Identifikasjon		Beskrivelse av tilstand					Formalia					
ID	Navn	Status	Type trasé	Brukstype	Skiltet	Merket	Beskrivelse	Eier tilrettelegging	Grunner avtal	Vedlikeholdsansvar	Opphav	Måloppnåelse
Obligatorisk	Valgfritt	Obligatorisk	Valgfritt	Obligatorisk	Valgfritt	Valgfritt	Obligatorisk	Valgfritt	Obligatorisk	Valgfritt	Valgfritt	Obligatorisk
Et unikt idnr satt sammen av minimum 3 siffer	Et navn på traséen	Eksisterende/planlagt/foreslått. Planlagt er ferdig avklart og klare for realisering. Foreslått mangler helt eller delvis avklaring	Om det er hoved-, forgreining- eller matetrasé	Fottur, skitur, sykkelrutur, padle/rotur eller annen tur	Om traséen er skiltet (ja/nei)	Om traséen er merket (ja/nei/delvis/ sesong)	En kort beskrivelse som ikke går på tema dekt ellers i tabellen. (max 200 tegn)	Hvem eier tilretteleggingen i traséen?	Er det grunn-eier-avtale (ja/nei/delvis/ ukjent)	Hvem drifter om det er en ansvarlig/definert	Fra hvilken datakilde er registreringen hentet	Vurdering av traséens betydning for måloppnåelse. 1 er størst og 3 dårligst. (verdi 1-3)
001	Sentrum - Sjusete - Hedlese - Midtjell	Foreslått	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Foreslått rute	Ulvik turlag	Nei			1
002	Frysetjørni fra sentrum	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Tilrå ikke parkering på skogsveg, turen går fra sentrum.		Ukjent			2
003	Allmenningsvegen (Sentrum - Tellstigen - Angerskleiv - Granvin)	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Transport til el fra Granvin må ordnast individuelt Gml ferdsleveg		Ukjent			2
004	Kvasshovden	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Ja	Merka med eigen merking for motbakkeløp. Ikkje aktuelt å merke med standardskilt etter merkehandboka.	Ulvik IL	Ja	Ulvik IL		3
005	Kristinuten via Øydekleppe el Jonstølen. Rundtur.	Foreslått	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis	Start sentrum via Lievegen til Kleppe. Eige merking på heile turen frå grunneigarlaget. Planlagt ny merking ved Ulvik turlag	Ulvik turlag	Nei	Ulvik turlag		1
006	Tunheim - Sysegjelet - Gaorhovden - Tunheim	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Vart skilta i 2020, men treng vedlikehald.	Ulvik næringslag	Ukjent			3
007	Siderruta	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei	Fottur på kommunal veg.	Ulvik herad	Ukjent	Ulvik herad		2
008	Sentrum - Espelandsvegen - Verafoss bru - Oppheim - Sentrum	Foreslått	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Foreslått rundtur. Gamal ferdselsvei	Ulvik turlag	Nei	Ulvik turlag		1
009	Espelandsvegen - Sotnos	Foreslått		Fottur	Ja	Ja	Foreslått snarvei / Tursti					2
010	Solsævatnet rundt	Eksisterende		Fottur	Ja	Ja		Ulvik turlag	Ukjent	Ulvik turlag		2
011	Sotnos - Tyssedalen - Mjølfell/ Ørneberget	Eksisterende		Fottur	Ja	Ja	Eksisterende t-merka rute	Voss utferdslag	Ukjent	Voss utferdslag	Turrutebasen	2
012	Åsen Rundt	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Første del på skogsbilveg, andre del på sti mot Osaforjorden, ev motsett	Ulvik næringslag				2
013	Åsen - Storemyr - Hjelmamyr (masta) - Vattatveit	Foreslått	Forgreiningstrasé	Fottur	Nei	Nei	Norkringmast som er eit populært turmål i området.					2
014	Birgjeletene	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Skogsbilveg heile vegen. Kan gå med barnevogn, o.l Også sykkelrute.					1
015	Dagsturhytta Solhaug	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Skilta til dagsturhytte	Ulvik turlag	Ja	Ulvik turlag		1
016	Sotnos - Solsæstølen	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Skogsveg heile vegen. Er og sykkelrute. Del av Solsævatn rundt.					1
017	Lievegen og Jobykse	Eksisterende	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Kan koblast på Kleppe og Kristinuten		Ukjent			1
018	Osa - Hallingskeid	Eksisterende		Fottur			Nasjonal kultursti, riksantikvaren og DNT	Bergen og Hordaland turlag	Ukjent	Bergen og Hordaland turlag	Turrutebasen	2
019	Tyso kultursti	Eksisterende		Fottur	Ja	Ja	Må ha GPX	Ulvik sogelag	Ja	Ulvik sogelag		2
020	Sentrum - Holmen - Birjet/r	Eksisterende	Hovedtrasé	Sykkeltur	Nei	Nei	Er skilta som fottur, men treng skilting frå sentrum som sykkelrutur		Ukjent			2
021	Sotnos - Solsæstølen	Eksisterende	Hovedtrasé	Sykkeltur	Ja	Ja	Er skilta som sykkel- og fottur. Grusveg heile vegen.	Ulvik næringslag	Ja			2
022	Siderruta	Eksisterende	Hovedtrasé	Sykkeltur	Ja	Ja	Skilta på offentlig veg, men manglar skilt for sykling	Ulvik herad	Ukjent	Ulvik herad		1

## Vedlegg 2

### Oversikt over målpunkt (parkering, rasteplassar, turisthytter og liknande)

Identifikasjon		Beskrivelse av tilstand			Formalia				
ID	Navn	Status	Målpunkttype	Beskrivelse	Eier tilrettelegging	Grunneieravtale	Vedlikeholdsansvar	Opphav	Måloppnåelse
Obligatorisk	Valgfritt	Obligatorisk	Valgfritt	Valgfritt	Valgfritt	Valgfritt	Valgfritt	Valgfritt	Valgfritt
idnr satt sammen av minimum 3 siffer	Et navn på målpunktet	/ foreslått. Planlagt er ferdig avklart og klare for realisering. Foreslått mangler helt eller delvis avklaring	Om det er Rasteplass, aktivitetsområde, overnatting, parkering, havn, kollektivpunkt, servering, severdighet eller annet målpunkt	En kort beskrivelse som ikke går på tema dekt ellers i tabellen. (max 200 tegn)	Hvem eier tilretteleggingen av målpunktet?	Er det grunneieravtale (ja/nei/delvis/ukjent)	Hvem drifter om det er en ansvarlig/definert	Fra hvilken datakilde er registreringen hentet	målpunktets betydning for måloppnåelse. 1 er
1	Holmen idrettsplass	Eksisterende	Parkering	Kommunal parkering for idrettsanlegg som og skal brukast for turane i Åsen	Ulvik herad	Ja	Ulvik herad		3
2	Solhaug dagsturhytte	Eksisterende	Rasteplass	Opna desember 2021	Ulvik herad	Ja	Ulvik turlag		1
3	Ulvik barnehage	Eksisterende	Parkering	Parkeringsplass for turruter til Jobykse, Kristinuten og Siderruta for dei som ikkje vil gå frå sentrum.	Ulvik herad	Ja	Ulvik herad		2
4	Sentrumsbygget	Eksisterende	Parkering	Parkeringsplass i sentrum. Utgangspunkt for dei fleste turane	Ulvik herad	Ja	Ulvik herad		1
5	Sjusete	Foreslått	Parkering	Alternativ start på tur til Midt fjell	Ulvik turlag	Nei	Grunneigar		1
6	BT Hytten på Vesete	Eksisterende	Overnatting	DNT-hytte på ruta Mjølfjell - Tyssedalen - Ulvik	Voss utferdslag	Ukjent	Voss utferdslag		3
7	Hallingskeid	Eksisterende	Overnatting	DNT-hytte på ruta Hallingskeid - Osa	Bergen og Hordaland turlag	Ukjent	Bergen og Hordaland turlag		3
8	Ulsberg	Eksisterende	Parkering	Parkering ved fv 5380, på del av gml veg. For turane til Mjølfjell og Solsævatnet		Ukjent			2
9	Skeiemylna	Eksisterende	Rasteplass	Restaurert mylna på Tyssø kultursti. Informasjon og benkar som passar til pause	Ulvik sogelag	Ja	Ulvik sogelag		1
10	Prestakaiaen	Eksisterende	Parkering	Kan parkere om ein vil gå siderruta.	Ulvik herad	Ja	Ulvik herad		2
11	Trånemyr	Foreslått	Parkering	Handicapparkering		Nei			2
12	Hjadalane, Osa	Eksisterende	Parkering	Parkering for tur Osete - Hallingskeid	Ulvik herad	Ja	Ulvik herad		2
13	Kaldavass	Eksisterende	Overnatting	Mellom Hallingskeid og Uppsete	Voss utferdslag	Ukjent	Voss utferdslag		3